



## Elevrådsrepresentantane

Referanser:

Dykkar:

Vår: 15/3198 - 15/32363

Saksbehandlar:

Hilde Marit Reigstad

Hilde.Reigstad@lindas.kommune.no

Dato:

23.10.2015

## Referat frå elevrådsmøte 16.10.2015

09-2015/16 Psykososialt skulemiljø

✓ Friminutta

Elevar har no søkt om å få bli aktivitetsleiarar. Lærarane vil gå igjennom lista og lage eit oppsett over når dei ulike aktivitetsleiarane skal vere. Mange elevar vil vere dommar i kanonball eller fotball. Elevrådet vil gjerne at aktivitetsleiarane skal ha andre typar aktivitetar. Vi tenkjer at elevane på Alversund skule må ha forskjellige aktivitetar å velje mellom.

Elevrådet registrerer ein del krancling på fotballbana og kanonballbana. Dette gjeld både 1.-4. og 5.-7. Mange elevar klagar! Elevrådet vil vere litt synlege ved å gje beskjed dersom ein ser noko. Ein kan og gi beskjed til vakt. Alle i elevrådet vil ta opp i klassane sine om korleis det er ønskjeleg at elevar skal oppføre seg ute i friminutta.

- Nokon juksar i leikar.

- Fleire skyt veldig hardt i kanonball og er ikkje flinke til å dele på ballen.

- Nokon spelar hardt når det gjeld fotball; skuldarpres i staden for skjerming etc.

- Nokon kastar småstein på kunstgrasbana og i sandkassa.

- Nokon sykklar på fotballbana.

→ Korleis vil vi ha det? Må vi ha fleire reglar?

✓ Elevråds kafè

Elevrådet ønskjer å ha elevråds kafè fredag 21. november for 4.-7. trinn. Det blir sal av hamburgerar (15,-kr) og juice (15,- kr). Det blir laga til bestillingslister der elevane får høve til å bestille inntil 2 hamburgerar og 1 juice. Vi snakkar nærmare om organisering av dagen i neste møte.

10-2015/16 Prioritering av saker som elevrådet vil arbeide med dette skuleåret.

- ✓ Hilde melder inn behov for speglar i gutegardarobane og manglar ved dusjar i gymsalgardaroben (gutar). Ballbingen kjem under «Leikeplasskontrollen» som kjem med rapport i forhold til utbetring.

---

**Post**

postmottak@lindas.kommune.no

Dokumentsenteret

Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

**Kontakt**

www.lindas.kommune.no

Telefon +47 56 37 50 00

Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311

Org.nr. 935 084 733



- ✓ Elevrådet ønskjer meir aktivitetar i friminutta. I dag har elevrådet tatt ut 3 smashballstativ. Smashballaktivitet vil vere klar måndag.
- ✓ Elevrådet vil få opp klokke i gymsalen.
- ✓ Elevrådet vil sjå på ulike paradiso og søkje om å få teikna opp nokon fleire ute i tillegg til å teikne opp igjen dei vi allereie har.
- ✓ Elevrådet ønskjer å lage plakatar for å synleggjere seg sjølv.
- ✓ Elevrådet vil jobbe med ein «Do-kampanje» for å få fokus på kor viktig det er med reine toalett. Innhald i kampanjen vil vi diskutere nærmare på neste møte.
- ✓ Elevrådet ønskjer at fleire klassar skal få moglegheit til å dra på ekskursjonar/utflukter. Vi vil sjå nærmare på korleis elevrådet kan påverke her.
- ✓ Elevrådet ønskjer å seie ifrå om at pultane må bli betre.

Fleire av sakene som kom opp i førre møte er allereie gjort noko med:

- ✓ Det har kome 4 nye sykkelstativ og dermed plass til 16 sykklar. Elevrådet ønskjer at dei som nyttar sparkesykkel til skulen nyttar kroken rett rundt hovudinngangen (på graset) og ikkje sykkelparkeringa.
- ✓ Det har kome ballpumpe i utlånsboden.
- ✓ Skulen fann nye nett til måla ute då det blei rydda i gymsalen. Desse er overlevert til Alvidra som vil byte ut ved behov.
- ✓ Elevrådet ser at fleire leikestativ, bosskorgar ute og at alle elevar skal ta sykkelprøven før dei får sykle til skulen ikkje er saker som vi vil jobbe for. Fleire bosskorgar ute vil generere meir boss. Ein har ingen som har som oppgåve å tømme desse. Skulen kan ikkje halde sykkelprøve for elevar på 1., 2. og 3. trinn. Det er foreldra som avgjer når barna sine skal sykle til skulen. Elevrådet tenkjer at skulen held på ordninga vi har hatt til no med sykkelprøve på 4. trinn.

11-2015/16 Eventuelt

- ✓ Thomas og Malin fortalde litt om SU- og SMU-møtet dei var på denne veka.
- ✓ Elevrådet pakka opp og fekk på plass 3 smashballstativ, eit på oppeplassen og 2 på nedeplassen. Stanga som skal i kvart fundament må inn kvar dag!

Med helsing

Hilde Marit Reigstad  
inspektør

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Kopi til:**

Leif Bjørnar Hopland

**Mottakarar:**  
Elevrådsrepresentantane